



Rita V. Amundsen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1399 - 15/11893

Saksbehandlar:

Helge Vallestad

helge.vallestad@radoy.kommune.no

Dato:

06.10.2015

## Rapport frå tilsyn i Prestmarka barnehage

Radøy kommune har gjennomført tilsyn i Prestmarka barnehage i samsvar med § 16 i Lov om barnehagar.

Tilsynet er utført i samsvar med interkommunal «Plan for tilsyn i barnehagar i kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy». Planen er vedteken i kommunestyret i Radøy.

Tilsynsorganet var samansett av:

Åshild Hope Herland, styrar Kaland barnehage Austrheim kommune.

Helge Vallestad, rådgjevar oppvekst Radøy kommune.

Tema for tilsynet var Lov om barnehage § 3 og korleis dette vert ivareteke i det praktisk / pedagogiske arbeidet i Prestmarka barnehage.

### § 3. Barns rett til medvirkning

- Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet.
- Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet.
- Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet

Tilsynet har lagt følgjande dokument til grunn:

- Lov om barnehagar.
- Rammeplan for barnehagar.
- Barnehagen sin årsplan.
- Anna relevant dokumentasjon frå barnehagen.

Tilsynet vart gjennomført som intervju og samtalar om praksis knytt til § 3 i Lov om barnehagar. Tilsynsorganet har gjennomført intervju / samtalar med:

- Barne- og ungdomsarbeidar: Torhild Grevle.
- Pedagogisk leiar: Inger Berit Landgård
- Styrar: Rita Amundsen.
- Foreldrerepresentant i samarbeidsutvalet: Lene Grindheim

**Konklusjon:**

Det er tilsynsorganet sitt syn at årsplanen til Prestmarka barnehage er i samsvar med intensjonane i Lov om barnehagar og Rammeplan når det gjeld barn sin medverknad i barnehagen. Vi ser at fokus på *Barn sin medverknad*, slik det kjem fram i § 3, pregar det daglege arbeidet i barnehagen.

Med helsing

Jo Bjarte Tømmerbakke  
kommunalsjef oppvekst

Helge Vallestad  
rådgjevar oppvekst

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Jo Bjarte Tømmerbakke

**Mottakarar:**

Rita V. Amundsen